



6

Statens vegvesen

Jarle Landa
Nedre Søbø 8
5454 SÆBØVIK

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Per Steinar Nedkvitne - <tomt>

Vår referanse:
2015/022744-007

Dykkar referanse:

Vår dato:
04.03.2015

Orientering om saksgang i høve avkøyrsløse og dispensasjon frå byggegrense kommune

Viser til telefonsamtalar i dag.

Som lova oversender eg utsnitt av vår saksgang – dykkar sak vedk. vårt vedtak er utheva.

«

Søknad om avkøyrsløse

Før Statens vegvesen handsamar ein søknad etter veglova, skal saka vere avklara etter plan- og bygningslova (PBL). Søknader som er i samsvar med gjeldande kommune(del)plan, der det ikkje ligg føre plankrav, vil vi handsame direkte.

Avkøyrsløse som er i samsvar med føresegnar og arealbruk i gjeldande reguleringsplan treng ikkje særskilt løyve etter veglova § 40. Slike avkøyrsløse skal likevel vurderast med bakgrunn i tekniske krav til utforming omtala i veglova § 43.

1. Uregulerte område

Dersom søknaden gjeld eit føremål som ikkje er i samsvar med kommune(del)planens arealdel eller er i strid med føresegnene til kommune(del)planen, må dette først avklarast av kommunen som planstyresmakt. Dette kan til dømes gjelde søknad om bustad i område for landbruk/natur/friluftsliv (LNF) eller at det er krav om reguleringsplan før utbygging av eit område.

Når vi mottok søknader der tiltaket ikkje er avklara etter PBL, vil vi sende svar til søkjar om at ei slik avklaring må vere på plass før vi handsamar søknaden etter veglova. Vi vil sende kopi av dette brevet til kommunen.

I brevet til søkjar kan vi også skrive ein førehandsuttale til søknaden etter PBL. Slike førehandsuttalar kan leggest til grunn som uttale frå vegvesenet i dispensasjonssaker etter PBL. Dersom vi ikkje har skrive førehandsuttale, eller det kjem nye saksopplysningar i saka, skal vi ha dispensasjonssaker som som vedkjem vårt fagområde tilsendt for uttale, jamfør PBL § 19-1.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

2. Regulerte område

Avkøyrlesaker i regulerte område kan handsamast på fleire ulike måtar, jamfør vår handbok 262 om handsaming av avkøyrlesaker¹. Statens vegvesen rår til at avkøyrlesaker som er i strid med gjeldande reguleringsplan vert avklara som planendring etter PBL. På den måten får søkjar og styresmakter ein kartfesta rett og ikkje berre løyve/vedtak på sida av planen. Alternativa er dispensasjon etter PBL eller enkeltvedtak etter veglova:

- a) Dersom avkøyrle til omsøkt tiltak er avklara i reguleringsplan, men det er ynskje om ei anna løysing, skal saka handsamast som planendring eller dispensasjon frå plan.
- b) Dersom avkøyrle til omsøkt tiltak ikkje er avklara i reguleringsplan, skal saka handsamast som planendring eller som einskildsak etter veglova.**

Når vi mottok søknader i regulerte område, vil vi også sende brev til søkjar om at saka først må avklarast med kommunen, eventuelt med førehandsuttale, jamfør ovanfor.

Søknad om dispensasjon frå byggegrense

1. Uregulerte område

Statens vegvesen handsamar direkte søknader som er i samsvar med gjeldande kommune(del)plan.

Unntak: Der kommune(del)plan fastset byggegrense langs veg, er det kommunen som kan gje dispensasjon frå byggegrensa. Statens vegvesen skal ha slike saker tilsendt for uttale. Vedtaket etter høyringsrunden skal også sendast Statens vegvesen.

Søknader som er i strid med gjeldande kommune(del)plan må avklarast av kommunen etter PBL før vegvesenet handsamar dei etter veglova. Vi vil i slike saker sende svar til søkjar på same måte som i avkøyrlesaker. Tilsvarande som for avkøyrlesaker kan vi skrive førehandsuttale, eventuelt avventar vi å få dispensasjonssaker tilsendt frå kommunen for uttale.

2. Regulerte område

I regulerte område er det kommunen som kan gje dispensasjon frå byggegrensa. Der ein reguleringsplan ikkje viser byggegrense langs veg, er det den generelle byggegrensa i veglova som gjeld, og som det eventuelt må søkjast om dispensasjon frå. Det er kommunen som fattar vedtak også i desse sakene.

Statens vegvesen skal ha slike dispensasjonssaker tilsendt for uttale etter PBL § 19-1. Vedtaket skal også sendast Statens vegvesen.

«

Plan og forvaltning Voss og Hardanger
Med helsing

Per Steinar Nedkvitne
